

Til
Nærings- og Fiskeridepartementet
mail: postmottak@nfd.dep.no

Vedrørende: Høyringsuttale frå Hardangerrådet om overnattingsavgift til kommunane

Hardangerrådet v/kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik sender felles høyringssvar.

Hardangerkommunane viser til høyringsnotatet av 23. januar 2026 om forskrift om overnattingsavgift, heimla i besøksbidragslova (lov 20. juni 2025 nr. 104).

1. Overordna syn

Hardangerkommunane støttar formålet med ordninga: at overnattingsgjester i større grad bidreg til finansiering av reiselivsrelaterte fellesgoder i kommunar med særleg belastning, slik departementet skildrar. Vi vurderer ei nasjonalt standardisert ordning (3 % påslag, avgrensa fritak, klare reglar for formidlarar) som viktig for føreseielegheit og etterleving.

2. Fritak (forskrifta § 1)

Vi støttar at det vert få og tydelege fritak, slik departementet grunngjev i høyringsnotatet. Vi kan slutte oss til dei foreslåtte fritaka i § 1, særleg for:

- brakkehotell (avgrensa marknad og enkel avgrensing),
- skoletur etter opplæringslova § 4-6,
- midlertidig botilbod etter sosialtenestelova § 27,
- avgrensa ikkje-kommersiell og dugnadsbasert overnatting.

Vi ber samstundes om at forskrifta/rettleiing gjer avgrensingane mest mogleg praktiserbare, særleg for skjønsmessige vilkår som «ikkje-kommersielle vilkår» og «dugnadsbasert», slik at kommunal kontroll og næringa si etterleving vert realistisk.

3. Formidlaransvar (forskrifta § 2)

Hardangerkommunane støttar forslaget om at formidlar ikkje skal ha ansvar der feil skuldast uriktige opplysningar frå tilbydar, og at formidlar ikkje kan påleggjast generell verifikasjonsplikt. Dette samsvarer med omsynet til gjennomførbarheit for digitale plattformer som departementet peikar på.

Ved fleire formidlarledd støttar vi departementet sitt foreslåtte hovudgrep: at ansvar ligg hos formidlaren som legg til rette for overføring av vederlaget til tilbydar (alternativet departementet skisserer i høyringsnotatet). Det gir ei nærare kopling til tilbydar, og etter vår vurdering betre grunnlag for korrekt praksis.

4. Kunngjering og ikraftsetjing (forskrifta § 3 og § 5)

Vi støttar ei fast nasjonal frist for vedtak og kunngjering innan 31. desember året før ikraftsetjing. Ei slik frist aukar føreseielegheita for næringsaktørar, formidlarar og gjester, slik departementet omtalar.

For overgangsreglane for 2027 støttar vi departementet sitt forslag om ingen særskild frist i 2027 (forslag til § 5). Samstundes understrekar vi at kommunane bør leggja vekt på tidleg varsling og dialog lokalt, slik at aktørane får rimeleg tid til systemtilpassing.

Rådet ber om at ikraftføring av besøksbidragslova vert samordna med ikraftføring av tilhøyrande forskrift om cruiseavgift etter lova sin §3-1. Dette for å unngå ei urettvis ulik handsaming av ulike turistar til området.”

5. Avslutning

Samla sett meiner Hardangerkommunane at forslaget, slik det er skildra i høyringsnotatet 23. januar 2026, legg eit godt grunnlag for ei velfungerande og føreseieleg ordning. Vi ber departementet ta med merknadene over i det vidare forskriftsarbeidet.

Kinsarvik 27.3.2026

Hardangerrådet
Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar

